

DEN NORSKE KYRKJA
Bjergvin bispedømeråd

Barne- og likestillingsdepartementet

BARN	2008/04119
Arkivnr:	323-00
Dato:	19/1-09
Saksnr:	2008/04119-022

Dato: 12.01.2009

Vår ref: 08/246-2 KRL

Dykkar ref:

**Svar på høyring - forslag til endring av barneloven §30 tredje ledd
(fysisk avstraffelse av barn)**


Viser til brev av 21.11.2008 der høyringsinstansar blir bedt om å vurdere og kome med ei tilbakemelding på forslag til endring av barnelova § 30 tredje ledd.


Bjergvin bispedømeråd ser behovet for ei slik presisering av lovparagrafen. Born og unge har krav på det same rettsvern, same respekt for menneskeverdet sitt og same respekt for den fysiske integriteten sin som vaksne. Uklar lovtekst tener ikkje borna si sak. Lett fysisk avstraffing er også i strid med Barnekonvensjonen, og det bør ikkje vere tvil om at "forsiktige klaps" el l ikkje er tillete i Noreg. Nulltoleranse gjer det tydeleg kor grensene går.

Bjergvin bispedømeråd viser til uttale 07/2007 frå Bispemøtet der det heiter at vald mot born - i ei kvar form, uansett grunngjeving – bryt med norsk lov og er i strid med kristen og allmennmenneskeleg etikk. Bispedømerådet vil her presisere at dette også gjeld bruk av psykisk vald.

Bjergvin bispedømeråd sluttar seg til forslaget om lovendring slik det går fram av høyringsnotatet.

Med helsing


Helge Taranrød (e.f.)
stiftsdirektør



Kristin Lødøen Hope
undervisningsrådgyvar
Direkte innval: 55 30 64 79